

Emne nr.39.

Fylke:Rogaland.

Herad: Klepp.

Emne: Høgtidsmat ved familiefestar.

Oppskr.av K.K.Kleppe.

Gard:Kleppe.

adresse Kleppe,Jæren.

G.nr.1,br.nr.19.

Etter eiga røynsle.Alder 77 år.

HØGTIDSMAT VED FAMILIEFESTAR%

A.Fødselen.

1. Det har vore skikk at grannakoner m.v.kom med mat til barnsengkona.Dette har halde seg til det siste.
2. Av og til kunne dei koma nokre i lag.Det var som det best fall.
3. Trur ikkje at dei føreåt gjorde nokon avtale.
4. Ikkje gjerne før 3je dagen.
5. Helst berre ein gong.
6. I eldre tid var sviskesupa eller sviskegraut mykje vanleg.Nokon regel var det nok ikkje her,det kunne vera det som fall best for gjevaren.
8. Heller ikkje her var det nokon regel for kva kjerald ein skulle nytta.Eit høveleg blekkspand var godt.
9. Barnsengmat var det vanlege ordet.
10. Det var gjævast dersom kona sjølv kunne koma.
- 11.Det var ikkje vanleg at mannen fylgde med,men usømleg var det ikkje om ein nærskyld mann fylgde med.
- 12 Litt traktering var det gjerne.Ingen skilnad på gut eller gjentebarn.
13. Sengemat-kome er vel rette ordet.
14. Serleg i seinare tid har barnsengkona halde konelag, når det ikkje hōvde med traktering på same tid som gåva kom fram.Ikkje noko sers namn.
15. Det var gjerne ikkje så mange som gjekk til ugifte.

16. For omlag 50 år sidan vart det ofte gjeve andre ting til barnsengkona enn supa og graut. Andre matvaror og nytteting - også blommar kom då med.
17. Det kunne henda at den nyfødde fekk ei lita gåve, men då var det i staden for sengemat.
18. Omlag som før nemnt.
19. Høgtida i samband med barnedåp vart aldri kalla kalas. I selskapet etter barnedåpen var fadrane og dei næraste skyldfolka med - også vener av familien.
20. Vart kalla barnsøl(eller barsøl).
21. Fadrane gav då gjerne si gåva. - Ikkje noko viss matlista for den dagen.
22. Det var ingen regel for kva eller kormykje kvar skulle gjeva.
23. Som ovanfor nemnt.

B. Fødselsdag.

24. I eldre tider var det nok ikkje så stor høgtid korkje for born eller vaksne. Unnatak var det sjølv sagt.
25. Mest vert det halde årsmålsdag for vaksne ved runde tal. Men opp i åra komme vert også dei einskilde årsmålsdagane hugsa på.
26. Skyldfolk og næraste vener kan verta bedne, men det er mykje vanleg at også ubedne kjem med i laget for å ynskja til lukke.
27. Det er ingen plikt å gjeva gåver, men ved runde tal fylgjer gjerne ei eller onnor gåva med, - frå bedne og ubedne gjester. Det kan og verta sagt frå at gåver ikkje skal fylgja med.
28. Veit ikkje om dei hadde nokon serleg rett den dagen.
29. No er det ikkje minst borna som skal ha sjokolade, brus og blautkake med ljøs på - også små gåver.

C. Konfirmasjon.

30. Etter det dei gamle fortalde, var det ikkje så mykje av selskap på konfirmasjonsdagane. Dei næraste var gjerne litt saman på slike dagar.
31. Konfirmasjonsselskap er no meir vanlege. Det har vorte slik etter ei tid av 40 - 50 år.
32. Høver det, kan læraren og presten verta bedne. Elles pla det vera næraste skyldfolk og grannar.
33. Sending er ikkje så vanleg no.
34. Det fylgjer gjerne gåver med på den dagen - både frå dei bedne og ubedne.
35. Det er ikkje noko visst i så måte.

D. Bryllaup.

36. Trulovingsgjestedod var ikkje så vanlege. Unnatak var det nok.
37. Det er nok litt meir av slike mindre gjestedod no.
38. Førre vigsla i kyrkja var det helst berre langferda-folk som fekk mat i bryllaupshuset. Det første eg kan minnst fekk gjestene då risengryn-mjølkesupa med brød, smør (av store fine stykke) og pålegg av ymse slag. Lefsa og gome var standard-rett. Etterpå vart det kaffi med litt finare bakster. - Heimkomen frå kyrkja var det middag - fisk og kjøtrett - og litt grønnsaker til. Dessert av ymse slag kunne det og vera. Litt seinare var det kaffi, julebrød og kaker av heimelaga slag. Seinare på kvelden og natta var det kaffi og smørbrød.

Eg har ikkje - det eg kan minnst - vore med i noko bryllaup, som varde meir enn ein dag, for i mi tid har det ikkje vore vanleg med meir enn ein dag. Men langferda folk som ikkje kunne reisa heim om natta,

vart gjerne utover andre dagen ei tid. Serlege matreglar var det ikkje då.

39. Veit ikkje om sendingane i eldre tider.
40. Det var vanleg med store smørstykke på bordet, og dei var pynta på ymse måtar.
41. For over 100 år sidan var det mykje vanleg, at bemannen samla inn ymse ting, som skulle vera til beste for bryllaupet og dei nygifte.
42. Føring og sending var dei mest nytta namna.
43. Det var mykje vanleg at tenestgjenta eller ei dotter gjekk til bryllaupshuset med mjølka og sendinga elles.
44. Det var traktering, men ikkje nokon fest.
45. Det var vanleg at dei som kom med sendinga skulle ha ein liten smakebit med seg heim.
46. Det var loftskona som stod for heimattsendinga.
47. I mi tid er det ikkje haldne fleire dagars bryllaup.
48. Sume held no bryllaup på hotell.
49. Det er ikkje så ofte at dei reiser bort og held bryllaup utan lag.
50. Det vert nok noko mindre med bryllaupsgåver då.
51. Helst berre ved runde tal.

E. Gravøl.

52. I eldre tid var det vanleg å be dei "på garen" (på Kleppe) og så folk på dei gardane som grensa inn til Kleppe.
53. Kan ikkje minnst noko gravferd som vara meir enn ein dag. Dersom gravtalen vart halden i heimen, var det vanleg at dei som møtte fram fekk mat, omlag som det er nemnt under bryllaup. I litt seinare år var det både kaffi og sjokolade å få. Etter grav-

ferda var det anten middag(som ved bryllaup) eller og - som mykje i det siste:kaffi og smørbrød. Etter middagen fylgde det kaffi og biteti.Det var siste matmålet.

54. Det var helst nytta langbord.
 55. Kjenner ikkje til det.
 56. Nei,ikkje her.
 57. På bedehus,ungdomshus.
 58. Som regel vart sendingane førde fram dagen føreåt.
Langframande tok dei gjerne med seg same dagen.
 59. Det var ingen regel om pynting og pakking.
 60. Kalas var det ikkje,berre litt traktering.
 61. Nei,det var ingen skilnad.
 62. Eg har inga røynsle for fleire dagars gravøl.
 63. I mi tid har eg berre i to gravferder sett,at gjestene fekk ein dram med same dei kom inn i heimen der gravferda var.
 64. Gamaldags sending har truleg halde seg lenger ved gravferd enn ved andre gjestebod.
 65. Sjå ovanfor.
 66. Det er ikkje vanleg å nytta alkohol no - unnateke veikt øl.
 67. Det er ikkje hotell her i bygda.
 68. Skriftleg innbjuding tok dei til med for 30 - 40 år sidan.
 69. Sameleis.
- F.Nye fester.
70. Nei,nokon tradisjon for 17de mai er det ikkje.
 71. Det er ikkje så mange som høgtidar morsdagen,men husmorlaga skundar godt på - truleg også bondekvinnelaga.
 72. Farsdagen er no berre i kjømdo

6. Emne nr.39.

73. Sers retter eller kaker er det ikkje til desse da-

74 gane.Men bakarane på staden bakar dei ting som er
ynskjande.

75. Veit verkeleg ikkje korleis mors- og farsdagen vart
kjent.Trur helst det var gjennom blad og radio.

- - - - -